

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 41
5914 Isdalstø

Dykkar ref.:
planID 1263-201701

Vår ref.:
5151930/brev_Innspel til kommunedel.docx

Dato:
2019-08-27

► **Innspel til kommunedelplan for Knarvik, Alversund og Alverstraumen, planID 1263-201701**

På vegne av avdeling for Teknisk drift i Lindås kommune, sender vi inn eit innspel til kommunedelplanen for Knarvik, Alversund og Alverstraumen.

Innspelet gjeld avsetjing av areal til framtidig avløpsreinseanlegg på Kvasneset, med tilhøyrande tilkomstveg til reinseanlegget. Forprosjektet til avløpsreinseanlegget på Kvasneset er under arbeid, og ut frå det ein så langt har komme fram til under dette arbeidet, er arealet som er sett av i kategorien «andre typer bebyggelse og anlegg» på Kvasneset for lite til eit reinseanlegg som skal tilfredsstillе dagens og framtidige reinsekrav.

Basert på erfaringar frå tilsvarande reinseanlegg vil det for eit reinseanlegg av denne typen vere behov for eit tomteareal i storleik 8 – 10 da. Pga. relativt stor høgdeskilnad mellom eksisterande veganlegg og reinseanlegget, må det avsetjast naudsynt tilleggsareal for tilkomstveg til anlegget. Dette for å overhalde krav til kurvatur og stigningsforhold. Området som vi føreslår skal setjast av til reinseanlegg, tilkomstveg, snuareal, parkering, samt utomhus- og grøntareal, er på om lag 16 da (jf. vedlagt kart). Med eit tilstrekkeleg tomteareal til disposisjon står ein friare for å utforme og byggje eit funksjonelt reinseanlegg.

Uteområdet ved reinseanlegget er tenkt opparbeida med universell utforming som ei forlenging av den grønne aksa gjennom Knarvik, slik at det vert tilkomst ned til grøntområde langs sjøen. Ein tek sikte på å byggje ein promenade langs sjøkanten slik at strandsona kan brukast til friluftsliv.

Området som vi føreslår skal setjast av til framtidig reinseanlegg, er vist på teikning VA-001, datert 26. august 2019, vedlagt dette brevet.



Med vennleg helsing
Norconsult AS

Magnus Reiakvam

Vedlegg: Teikning VA-001

Kopi: Lindås kommune, Teknisk drift

N:\517065170657\BIM\VA_T\VA\kif\15165424_Masterplan_Knarvik\lengdeprofil_borethol.dwg - MaRei - Plottet: 2019-08-27 08:00:5 - LAYOUT = Innsjøl kommunedelplan - XREF = 5165424_pjan_prdfl, 5165424_tekforklarng, 5170657_T_kart, 5170657_T_eksisterende VA



- - - - - Eiegdomsgrense
- 188/116 Gardsnummer/bruksnummer
- Areal som bør setjast av til reinseanlegg i kommunedelplan 2019- 2031 for Knarvik, Alversund og Alverstraumen.
- Areal til "Andre typer bebyggelse og anlegg" i plankart utlagt til offentlig ettersyn 02.07.19 - 27.08.19, i kommunedelplan for Knarvik, Alversund og Alverstraumen.

Område som bør setjast av til reinseanlegg i kommunedelplan 2019 - 2031 for Knarvik, Alversund og Alverstraumen.

Område sett av til "Andre typer bebyggelse og anlegg" i plankart utlagt til offentlig ettersyn 02.07.19 - 27.08.19.

F01	2019-08-26	Uttale til kommunedelplan, plan-ID 1263-201701	MaRei	JMH	JIN
Rev.	Dato	Beskrivelse	Utarbeidet	Fagkontroll	Godkjent

Dette dokumentet er utarbeidet av Norconsult AS som del av det oppdraget som fremgår nedenfor. Opphavsretten tilhører Norconsult AS. Dokumentet må bare benyttes til det formål som oppdragsavtalen beskriver, og må ikke kopieres eller gjøres tilgjengelig på annen måte eller i større utstrekning enn formålet tilsier.

Lindås Kommune Målestokk: A1
1:500

Uttale til kommunedelplan for Knarvik, Alversund og Alverstraumen
Plan-ID 1263-201701
Arealbehov til reinseanlegg på Kvassneset

Norconsult	Oppdragsnummer 5151930	Tegningsnummer VA-001	Revisjon F01
------------	---------------------------	--------------------------	-----------------